

Rapport for arbeidsprogram 2017

Styret sitt arbeidsprogram for 2017/2018, godkjent av årsmøtet den 14. februar 2017, lyd slik:

I ein frivillig organisasjon som Bergen ungdomslag Ervingen er det ei heilt sentral oppgåve å jobba med rekruttering. Det er naudsynt for laget å ha ein stor medlemsmasse. Talet på faste aktivitetar ein kan halda fram med og både tradisjonelle og nye tilskipingar ein kan gjennomføra heng saman med kor mange betalande medlemmer laget har, og kor mange aktive medlemmer me har, som stiller på både øvingar og dugnadsarbeid. I komande periode ynskjer difor styret å ha eit ekstra stort fokus på rekruttering og marknadsføring.

Grunna synkande medlemstal dei siste åra, ynskte styret å ha rekruttering som einaste fokusområde i sitt arbeidsprogram denne perioden. Det vart sett av kr 250 000 i budsjettet til rekruttering. Delar av midlane skulle brukast til å vidareføre pågåande prosjekt, slik som Dragegjengen, og ein stor del av midlane ynskte me å bruka til å få profesjonell hjelp i arbeidet med rekruttering. I mars lyste me ut ei 20 % prosjektstilling som rekrutteringsmedarbeidar, der det kom inn 7 søknader. Kristoffer Kleiveland vart tilsett som rekrutteringsmedarbeidar og byrja i si stilling i mai 2017. Den fyrste tida i stillinga brukte Kristoffer på å gjera seg kjend med særslag og aktivitetar i laget, i tillegg til å jamleg delta i møte med styret. Der vart det jobba med å finna form og retning på rekrutteringsprosjektet. Når ein skapar ei ny stilling slik som styret har gjort i dette høvet, vil det i tillegg ta litt tid å forma arbeidsoppgåvene til rekrutteringsmedarbeidaren. Veggen blir til medan me går. Styret har i samarbeid med Kristoffer hatt fokus på fylgjande prosjekt denne perioden:

- Oppstart av og rekruttering til Studentdans (tidlegare onsdagsringen), m.a. med stand på Studenttorget på UiB. Studentdansen fekk ein kjempestart, med mange nye deltakarar på dei fyrste øvingane. Utover hausten var det greitt oppmøte på øvingane og levande musikk på kvar øving.
- Arbeid med rekruttering og blesting for folkedans for seniorar.
- Skulebesøk – det har vore arbeid med å finna skular som vil vera med på danseopplegg i regi av ungdomslaget, som ein strategi for å rekruttera til ungdomsringen, danseopplegg på ein skule kjem i gang i januar 2018.
- Samrådsmøta. På samrådsmøta både på våren og hausten har me hatt gruppearbeid beståande av diskusjon og idèmyldring kring temaet rekruttering, i tillegg til korleis auke synlegheita til laget, og korleis ta i mot nye medlemmer. Målet er å få særлага med i arbeidet og få høyre deira tankar kring rekruttering. Nokre av særлага har teke dette med vidare og diskutert det på sine møte. På møtet i vår vart det hyra inn ekstern innleiar som tok opp temaet.
- Vidareføring av Dragegjengen- prosjektet.

I tillegg til dette er utsendingar frå laget jamleg på skulebesøk gjennom Den Kulturelle Skulesekken og deltek på familietilskipingar med dans både på USF Verftet og Barnas kulturhus. Alle prosjekta nemnd over vil me arbeida vidare med i komande prosjektperiode. Det er vel verd å merke seg at medlemstalet har stige frå 220 i desember 2016, til 263 i desember 2017, og at talet på medlemmer under 14 år har dobla seg denne perioden.